



Austevoll kommune

Hordaland fylkeskommune

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
27.02.2018	Lillian Kristin Bolstad	18/130 - 9	

Melding om vedtak

Innføring av bompengar for nullutsleppskjøretøy

Kommunestyre handsama ovannemnde sak i møte den 22.02.2018, sak 032/18.
Det vart gjort følgjande vedtak:

Austevoll kommunestyre ber om at nullutsleppskøyretøy skal ha bompenger takst tilsvarende 50% av taksten for andre kjøretøy.

Fordeler som avgiftsfritak, gratis lading og bruk av kollektivfelt er betre eigna verkemiddel for å motivere for nullutsleppskjøretøy på nasjonalt nivå enn å legge ansvaret for eit lokalt bruprosjekt over på ei spesifikk brukargruppe. Her er det snakk om å få på plass ei solidarisk finansiering av eit lokalt samferdsleprosjekt som frå starten av vart løfta av lokalsamfunnet.

Spørsmål til saka kan rettast til Lillian Kristin Bolstad tlf. 55 08 10 00 eller til postmottak@austevoll.kommune.no.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink.

Morten Storebø
Ordførar

Mottakarar av brevet:
Hordaland fylkeskommune

Saksframlegg

Saksnr	Utval	Type	Møtedato
032/18	Kommunestyre	PS	22.02.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Martin Larsen	FA - Q33, FA - N33, FE - 233	18/130

Innføring av bompengar for nullutsleppskjøretøy

Kommunestyre - 032/18

Handsaming:

Framlegg frå Kristeleg Folkeparti, ved Kai Eliassen

Austevoll kommunestyre ber om at nullutsleppskjøretøy skal ha bompengeretakst tilsvarende 50% av taksten for andre kjøretøy.

Fordeler som avgiftsfritak, gratis lading og bruk av kollektivfelt er betre eigna verkemiddel for å motivere for nullutsleppskjøretøy på nasjonalt nivå enn å legge ansvaret for eit lokalt bruprosjekt over på ei spesifikk brukargruppe. Her er det snakk om å få på plass ei solidarisk finansiering av eit lokalt samferdsleprosjekt som frå starten av vart løfta av lokalsamfunnet.

Framlegg frå Høgre, ved Liv Bente Fagerbakke Storebø

Austevoll kommunestyre ber om at nullutsleppskjøretøy skal ha bompengeretakst tilsvarende eit tillegg på 15 takstsoner i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.

Denne taksten tilsvasar 50% av bompengeavgift til personbilar.

Høgre sitt framlegg vert trekt av framleggsstillar Liv Bente Fagerbakke.

Røysting:

Set tilrådinga frå rådmann opp mot framlegg frå Kristeleg Folkeparti.

Framlegg frå Kristeleg Folkeparti vedteke med 4 mot 14 røyster.

Følgjande røysta på framlegg som falt: Edvard J Stangeland (Sp), Per Espen Vik (Frp), Renate M. Klepsvik (Frp), Øystein Fammestad (Frp) og Georg K. Fedøy (FrP).

Vedtak:

Austevoll kommunestyre ber om at nullutsleppskjøretøy skal ha bompengeretakst tilsvarende 50% av taksten for andre kjøretøy.

Fordeler som avgiftsfritak, gratis lading og bruk av kollektivfelt er betre eigna verkemiddel for å motivere for nullutsleppskjøretøy på nasjonalt nivå enn å legge ansvaret for eit lokalt bruprosjekt over på ei spesifikk brukargruppe. Her er det snakk om å få på plass ei solidarisk finansiering av eit lokalt samferdsleprosjekt som frå starten av vart løfta av

lokalsamfunnet.

Tilråding frå rådmannen:

Tilråding frå rådmannen:

Austevoll kommunestyre ber om at nullutsleppskøyretøy skal ha bompenger takst tilsvarende eit tillegg på 9 takstsoner i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.

Vedlegg:

Referat frå møte i Austevoll bruselskap 16. februar 2018

20.02.2018

Bakgrunn for saka:

Formannskapet handsama sak om nye bompenger takstar på ferjesambanda Hufthamar – Krokeide og Husavik – Sandvikvåg (sak 011/18) den 13.02.2018. I saka ble det mellom anna vedteke følgjande tekst:

«Austevoll formannskap understrekar at det er i Austevoll-samfunnets interesse at Hordaland fylkeskommune er økonomisk i stand til å oppretthalde og styrke rutetilbodet. Innføring av Autopass vil ikkje berre ha svært alvorlege konsekvensar i form av auka billettpis på køyretøy – men det er truleg at dei samla inntektene også frå køyretøy vert redusert ved at ein endå større del av dei reisande kører el-bil og at reisevaner kan endrast ved at færre tek bil på ferja, men parkerer på kaiane, og at det blir meir samkøyring.»

Vurdering:

Rådmannen anbefaler med bakgrunn i vedtaket i formannskapet, samt tilråding frå styret i Austevoll bruselskap AS, å tilrå at blir innført betaling av bompengar for nullutsleppskjøretøy, lik anbefalinga frå Statens Vegvesen. Bompenger taksten skal tilsvare 35% av bompenger taksten for andre kjøretøy.

Austevoll kommune ber om at nullutsleppskøyretøy skal ha bompenger takst tilsvarende eit tillegg på 9 takstsoner i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje og fjerde ledd)

Mottakar	Dato	Klageinstans
Austevoll kommune 5392 Storebø Epost: postmottak@austevoll.kommune.no		
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ynskjer å klaga over vedtak De har fått melding om.		
Kven kan De senda klagen til	Klaga skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd. Dersom vedtaket er gjort av kommunale eller fylkeskommunale organ, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller det organet desse har gjeve det til. Dersom vedtaket er gjort av kommunestyret eller fylkestinget, er klageinstansen kommunaldepartementet eller det organ det har gjeve myndet til.	
Fristen til å klage	Klagefristen er 3 veker fra den dag dette brevet kom fram. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vera uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi om at De oppgjev når denne meldinga kom fram. Dersom klagen vert sendt for seint, er det høve til å sjå bort frå den. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkja om å få forlenga klagefristen. De bør då i tilfelle nemna grunnen til forseinkinga.	
Rett til å kreva grunngjeving	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setja fram krav om å få det. Slik krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist tek til å gå frå det tidspunkt De mottek grunngjevinga.	
Innhald i klagen	Klagen skal nemna det vedtaket det vert klaga på, og den eller dei endringar som De ynskjer. De bør også nemna Dykkar grunn for å klaga og eventuelle andre opp-løysningar som kan ha noko å sei for vurderinga av klagen. Klagen må underteiknast.	
Utsetjing av vedtaket	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De har likevel høve til å søkja om å få utsett iverksetjinga av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen er avgjort.	
Rett til å sjå dokument i saka og til å krevja rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå dokumenta i saka. De må i tilfelle venda Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærmere rettleiing om høvet til å klaga, om framgangsmåten ved klage og om reglane for sakshandsaminga elles.	
Kostnader ved klagesaka	De kan søkja om dekking av utgifter til naudsynt advokatbistand etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld imidlertid normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen sitt kontor eller vedkomande advokat kan gje nærmere rettleiing. Det er også særskilt høve til å krevja dekking av vesentlege kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokatbistand. Dersom vedtaket er blitt endra til beste for ein part, er det også høve til å søkja dekking for vesentleg kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om naudsynt orientera Dykk om retten til å krevja slik dekking for sakskostnadene.	
Klage til Sivilombodsmannen	Det er også mogleg å klaga til Stortinget sin ombodsmann for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen har ikke høve til å handsama saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De no får Dykk klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De difor ikke seinare bringa saken inn for Sivilombodsmannen.	
Særlege opplysningar:		